







ÅRSMELDING FOR RIKSTEATRET 2004



Innhold

| | |
|------------------------------|----|
| Leiar | 3 |
| West Side Story | 4 |
| Glassmenasjeriet | 5 |
| Karius og Baktus | 5 |
| Hans og Grete | 5 |
| Jeg kunne gråte blod | 6 |
| Tartuffe | 6 |
| Den 25. timen | 7 |
| UNDSET | 7 |
| Samson og Roberto | 8 |
| Det e hardt å være 2 | 8 |
| Et dukkehjem | 9 |
| Oslo Danse Ensemble | 9 |
| ...it' s only a rehearsal | 9 |
| Årsmelding frå styret | 10 |
| Produksjonane | 11 |
| Organisasjon og effektivitet | 13 |
| Rekneskap | 15 |
| Fylkesoversikt | 16 |
| Oversyn over tilsette | 17 |



Takk for i år, og takk for meg!



Det er med blanda kjensler eg sluttar i Riksteatret etter åtte år. Det er vemodig og trist, samstundes som det er ei stor glede å konstatere at

Riksteatret er blitt eit synleg og viktig teater, som vi kan vere stolte av. Eg kom til teatret i 1997, eit teater med ei fascinerande historie, med imponerende kompetanse på turnerende verksemd, men også eit teater ved eit vegskil.

For å møte eit moderne samfunn, ei ny tid med nye krav og nye tankar, var det påkravd med nokre grep – og eg tok med glede fatt på det som har vore ei stor, morosam og viktig oppgåve for profesjonell teaterverksemd i Distrikts-Noreg. Desse åra har vore ei fantastisk og lærerik tid, fagleg som menneskeleg.

Som denne årsmeldinga òg viser, har Riksteatret dei siste åra gjennomført sin strategi med å spele på 65 faste spelestader, og tilby desse stadene 8–10 framsyningar per år i alle kategoriar av profesjonelt teater, og dessutan moderne dans. Eit breitt repertoar har vore grunntanken, og hovudmålet vårt har vore å auke interessa for teatret som uttrykksform.

Ved å konsentrere verksemda vår – og, ikkje minst, stille krav om profesjonalitet og interesse frå arrangørar og kommunar, er vi er i dag eit populært teater hos både publikum, arrangørnettverk, politikarar og teaterfolk.

Ein entusiastisk innsats frå både tilsette og arrangørar har etter kvart gitt gode publikumstal – talet på betalande publikummarar er nesten tredobla dei siste åtte åra.

Riksteatret har også i år motteke det vi set aller mest pris på: takkebrev frå publikum, som ønskjer at vi kjem enda oftare på besøk. Det store publikum ønskjer seg meir av alt; og særleg er musikalane våre, barne- og familieteater-framsyningane våre – og vår nye sjanger biografisk basert teater – populære.

Eg vil gjerne takke alle medarbeidarar i teatret for at dei deler si teaterglede og sin kompetanse med folk i heile landet.

For det er – når alt kjem til alt – hovudgrunnen til å jobbe med teater: Kulturhus fulle av publikum som synest dei har hatt ei stor oppleving.

Lykke til med arbeidet vidare!

PRODUSERT AV RIKSTEATRET

West Side Story

Av Arthur Laurents, Leonard Bernstein og Stephen Sondheim

Omsett og lagt til rette av Bjørn Sæter.
Sangtekster gjendikta av Hartvig Kiran og Runar Borge.

Med: Erik-André Hvidsten/Ståle Tørring, Øyunn Bjørge, Silje Nymoen, Jan Huse, Charlotte Øverland Våset, Cathrine Bang, Katarina Bozic, Sunniva Egge Sipus, Niklas Gundersen, Bjørn Holthe, Stefan Clarin, Tor Ivar Hagen, Chris Langvik, Johan Christer Novsjö, Geir Gundersen, Hallvard B. Norum, Marthe T. Johannessen.
Kapellmeister: Ket Irén Lødemel. Musikarar: Kay Hartvigsen, Morten Michelsen, Knut Riisnæs, Dag Eriksen, Lasse Rossing, Børre Flyen ofl.

Regi: Bjørn Sæter
Koreografi: Lindsay Dolan
Musikalsk leiar og musikkarrangement:
Per Christian Revholt
Scenografi: Helge Lohne
Kostymedesign: Mia Runningen
Lysdesign: Ingrid Tønder
Lydkonsulent: John Carstensen

Entire Original Production Directed and Choreographed by Jerome Robbins. Presented by arrangement with Josef Weinberger Ltd. on behalf of Music Theatre International of New York.

Premiere i Molde 16. mars




Glassmenasjeriet

Av Tennessee Williams
Omsett av Inger Hagerup

Med: Marit Østbye, Silje Færavaag, Trond Høvik,
Christoffer Staib

Regi: Marit Moum Aune
Scenografi: John-Kristian Alsaker
Musikk: Nils Petter Molvær
Lysdesign: Espen Solum

Premiere på Lillehammer 15. februar



Karius og Baktus

Av Thorbjørn Egner

Med: Linda Tørklep, Christine Stoesen og Jan
Huse

Regi: Arne Lindtner Næss
Scenografi: Einar Dahl
Musikk: Christian Hartmann
Dokkedesign: Christine Stoesen.

Spelte under Barnas Kulturfestival på Kalvøya
13.–15. august



Hans og Grete

av Bo Anders Sundstedt, fritt etter Brørne
Grimms eventyr.

Med: Paal Viken Bakke, Janina Lund, Ketil Gudim,
Kristin Oftedal, Jørn Morstad

Regi: Bo Anders Sundstedt
Scenografi / dokkedesign: Lisbeth Narud
Musikk: Tov Ramstad
Lysdesign: Ingrid Tønder

Premiere i Kolvereid 22. september



Jeg kunne gråte blod

Av Ingar Sletten Kolloen
Inspirert av Tormod Skagestads "Min elskede på jorden"

Med: Ellen Horn og Ola B. Johannessen som Marie og Knut Hamsun

Regi: Bentein Baardson
Dramaturg: Bodil Kvamme
Scenografi / kostymedesign: Tine Schwab
Musikk: Arne Nordheim
Lysdesign: Torkel Skjærven

Premiere i Grimstad 7. september



Tartuffe

Av Jean-Baptiste Molière
Gjendikta av André Bjerke

Med: Janny Hoff Brekke / Inger Teien, Stein Grønli, Hedvig Garshol, Espen Sandvik, Hanna Børseth Rønningen, Jon Erling Wevling, Ingolf Karinen, Håkon Ramstad, Linda Tørklep, Jan Huse

Regi: Kim Dambæk
Scenografi: Bård Thorbjørnsen
Kostymedesign: Maria Bohlin
Lysdesign: Ingrid Tønder

Premiere i Haugesund 26. september



SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

Den 25. timen

Av Per Olov Enquist
Omsett av Marit Tusvik

I samarbeid med Det Norske Teatret

Med: Anders Baasmo Christiansen, Gerdi Schjelderup, Tina Hartvig

Regi: Lise Fjeldstad
Scenografi: Åse Hegrenes
Lysdesign: Kristin Bredal
Lyddesign: Jørgen Knudsen

Premiere i Tromsø 3. februar

Spelte på Det Norske Teatret i april og mai
og gjesta Trøndelag Teater i



UNDSET

Av Otto Homlung og Tine Thomassen

Med: Ellen Horn

Regi: Otto Homlung
Scenografi, projeksjon - og kostymedesign: Bård Thorbjørnsen
Musikk: Kjetil Bjørnstad
Lysdesign: Espen Solum

I samarbeid med Nationaltheatret
Premiere på Lillehammer 24. september 2002

Spelte på Nationaltheatret våren 2004



INNkjøPT FRÅ ANDRE TEATER/FRIE GRUPPER

Samson og Roberto

Av Ingvar Ambjørnsen
Dramatisert av Axel Hellstenius

Produsert av Oslo Nye Teater.

Med: Per Skjølsvik, Knut Wiulsrød, Stein Kiran,
Anders Sundstedt, Kristin Oftedal / Marianne
Edvardsen, Jørn Morstad

Regi: Thea Stabell
Scenografi / dukkedesign: Lisbeth Narud
Lysdesign: Harald Haugen
Lyddesign: Tov Ramstad

Turnépremiere i Askim 21. januar



Det e hardt å være 2

Iren Reppen-show m/ band

Tekster av Iren Reppen. Musikk av Svein
Gundersen

Produsert av Det e hardt - Produksjoner.

Verk tinga frå Harstad Kulturhus med støtte frå
Fond for lyd og bilde, Fond for utøvende kunst-
nere, Tekstforfatterfondet, Norsk Kulturråd og
Norsk Musikkfond

Med Iren Reppen og Niklas Gundersen / Lars
Jacob Holm

Regi: Hanne Tømte / Erik Ulfsby
Koreografi: Niklas Gundersen
Lysdesign: Kyrre Karlsen
Lyd: Are Bredal Simonsen
Scenografikonsulent: Arne Nøst



Musikarar: Morten Michelsen, Arnfinn Bergrabb,
Børge P. Øverleir, Gjermund Silset, Einar
Thorbjørnsen

Urpremiere i Harstad 10. september

Et Dukkehjem

Av Henrik Ibsen

Produsert av Den Nationale Scene

Med: Reny Marie G. Folgerø, Ellen Birgitte Johannessen, Gard Skagestad, Endre Hellestveit, Øyvind Gran

Regi / konsept: Yngve Sundvor

Lysdesign: Torkel Skjærven

Dramaturg: Terje Lindberg

Turnépremiere på Nøtterøy 3. november



Oslo Danse Ensemble 10 år

Jubileumsframsyning produsert av Oslo Danse Ensemble

Dansarar: Jan Ivar Lund, Karl Erik Nedregard, Knut Arild Flatner, Jan Wesnes, Sigge Modigh, Charlotte Ø. Våset, Katarina B. Bozic, Øydis Vevik, Tine Aspås, Lise Tiller Johansen, Lisbeth Espeland og Kim Amundsen

Koreografar: Jo Strømgren, Alexandre Magno, Jonas Digerud og Ferraz /Byer / Lingjærde

Turnépremiere i Kristiansand 29. oktober



...it's only a rehearsal

Produsert av Ina Christel Johannessen / zero visibility corp.

Med: Line Tørmoen og Dimitri Jourde

Koreografi: Ina Christel Johannessen

Scenografi / lys: Jens Sethzman

Musikk: Murcof

Tekst: Ovid

Turnépremiere i Haugesund 15. november



ÅRSMELDING FRÅ STYRET

AKTIVITET

2004 blei eit aktivt, men tøft år for Riksteatret i nye lokale i Nydalen – med optimal satsing på produksjon og turné, og med oppgradering og ombygging i Gullhaug Torg 2.

Våre 65 spelestader uttrykkjer stor glede over samarbeidet og repertoaret, og styret konstaterer at interessa frå nye og gamle kulturhus for å kome inn på Riksteatret si arrangørliste er stor. Riksteatret er eit attraktivt tilbod, fordi vi i tillegg til å gi eit breitt repertoar på 8–10 framsyningar i året til kvar stad også betaler husleige og gir 18 prosent av billettinntektene til kulturhuset.

Departementet gav i 2004 Riksteatret høve til å byggje om Gullhaug Torg 2 for kr 4 mill. – mot nedbetaling over tre år. Dessverre må styret konstatere at kr 4 mill. ikkje dekkjer det oppgraderingsbehovet huset har for å bli eit funksjonelt teaterhus.

Reduksjonen i pengeløyvinga frå 2003 på kr 3 mill. blei halden ved lag for 2004, med den konsekvensen at satsinga på ungdomsframsyningar i den vidaregåande skolen er teken ut av verksemda til Riksteatret.

Våren blei innleidd med strålande kritikkar på alle framsyningar, fantastisk publikumsbesøk på West Side Story og godt besøk på Den 25. timen. Publikumsbesøket på dei to andre framsyningane var monaleg lågare enn forventa. Hausten starta med litt lunkne kritikkar på Jeg kunne gråte blod, medan produksjonen publikumsmessig blei den suksessen vi hadde vona på. Også Oslo Danse Ensemble slo godt an. Dei andre produksjonane innfridde nesten forventingane til publikumstal, medan Tartuffe dessverre ikkje trekte publikum slik vi hadde vona.

Billettinntektssvikten utgjorde kr 3 mill. Trass i ambisjonar om å få eit resultat i null, må styret fastslå at vi tek med oss ein negativ saldo inn i det nye året.

Styret er likevel tilfreds med publikumsopplutnaden på i overkant av 130.000, og med breidda og kvaliteten i repertoaret og med kritikane.

Suksessframsyningane UNDESET og Karius og Baktus heldt fram etter haustturnéane 2003 på høvesvis Nationaltheatret og Oslo Nye Teater våren 2004. Og kritikerroste Den 25. timen og Glassmenasjeriet spelte ein månad på Det norske Teatret og gjesta Trøndelag Teater og Oslo Nye Teater. Riksteatret sin ambisjon om å kome i tettare dialog og samarbeid med dei andre teatra fekk eit oppsving i 2004.

Av framsyningane gjennom året var seks eigenproduksjonar, fem samproduksjonar og to produksjonar formidla frå andre teater og frie, profesjonelle grupper.

Parallelt med produksjonar og turné har teatret, i stor grad med eigne krefter og for små midlar, utvikla Gullhaug Torg til å bli eit teaterhus. Framleis står det att ein del av ombygginga: Dei to store, moderne prøvesalane er nesten ferdigstelte, men avlastingsrom i tilknytning til salane, publikumsområde og garderobedelen av 5. etasje står att. Det same gjer ferdigstillinga av verkstadene i Gjerdrums veg. Styret vil takke alle tilsette for det tolmodet og den velviljen som er synt i høve til manglande fasilitetar i 1. og 5. etasje – og for flott innsats gjennom heile året.

PRODUKSJONANE

VÅREN 2004

Våren 2004 var ungdommen sin vår på Riksteatret. **West Side Story**, ein av verdas beste musikalar, trekte fulle hus over heile turné-ruta, og fekk glimrande kritikkar. Dei kjende songane, flott musikk, meisterleg arrangert av Per Chr. Revholt, og eit ungt og energisk ensemble i Bjørn Sæters regi og Lindsay Dolans koreografi vann hjarta til publikum. Erik-André Hvidsten og Øyunn Bjørge song, spelte og dansa Tony og Maria med eit stort ensemble som gategjengane i New York. Ståle Tørring overtok rolla som Tony midt i turnéen på grunn av sjukdom. Med 15 personar på scenen og 7 musikarar i orkestret er dette den største produksjonen Riksteatret har sendt på vegen. Framsyninga blei sedd av 23. 194, og var enda ein gong eit prov på at teatret si satsing på store musikalar tilpassa norske scener er svært populær og viktig.

Den 25. timen tok kritikarane med storm. Dette psykologiske dramaet av Per Olov Enquist var ein samproduksjon mellom Riksteatret og Det Norske Teatret. Stykket er spelt over heile Europa og er ein av dei beste teatertekstene som nokon gong er skrivne i Skandinavia. Enquist gjer eit djupdykk i menneskesinnet som rører ved oss alle. Lise Fjeldstad regisserte eit sterkt ensemble, som bestod av Anders Baasmo Christiansen, Gerdi Schjelderup og Tina Hartvig.

7. 182 publikummarar såg stykket på turnéen, 4. 360 på Det Norske Teatret etter turnéslutt.

Ingen amerikansk dramatikar har hatt så breitt publikum som Tennessee Williams. Riksteatret valde eit av dei mest vemodige stykka hans, **Glassmenasjeriet**. Marit Moum Aune hadde regi, Trond Høvik, Marit Østbye og Silje Torp Færavaag spelte familien Winfield, og Christoffer Staib var Jim O'Connor. Riksteatret engasjerte eit av dei største internasjonale jazznamna våre, Nils Petter Molvær, til å komponere musikken. Kritikarane var samstemt begeistra over denne

originale tolkinga av Williams sitt stykke. Framsyninga blei sedd av 5. 471 publikummarar på turnéen og 1. 137 på Oslo Nye Teater etter turnéslutt.

Samson og Roberto, etter dei populære barnebøkene av Ingvar Ambjørnsen, var satsinga på figurteater denne våren. Axel Hellstenius har dramatisert historia om den engstelege hunden Samson og hans gode ven, den lure katten Roberto, for teater. Thea Stabell hadde regi, og dokkene var designa av Lisbeth Narud. Framsyninga er mynta på barn mellom 8 og 11 år – og vi gjorde ei medviten satsing mot eit publikum som i liten grad har eit teatertilbod, og som vi veit går lite på teater. Dessverre gav det seg utslag i publikumstala. 4 872 store og små gledde seg over framsyninga, som også fekk flott presseomtale. Framsyninga var frå fyrst av produsert av Oslo Nye Teater, og blei ein samproduksjon for turné med dokkeensembla frå begge teatra.

HAUSTEN 2004

Haustreperetoaret hadde fokus på parforhold, med Marie og Knut Hamsun, Hans og Grete og Iren Reppen sitt samlivs-show .

Hamsun-biografen Ingar Sletten Kolloen tok oppfordringa om å skrive eit stykke om ekteparet Hamsun for Riksteatret. Den dramatiske tittelen blei **Jeg kunne gråte blod**, eit sitat frå Marie. Bentein Baardson instruerte Ellen Horn og Ola B. Johannessen i ekteparet Hamsun sitt oppgjær mot slutten av eit tragisk samliv. Teaterstykket gav oss eit heilt nytt blikk på ekteparet og krigsoppgjæret, og Riksteatret innfridde publikumsforventingane. Tine Schwab hadde scenografien, og musikken var av Arne Nordheim. Heile 17. 050 såg framsyninga.

Iren Reppen er ein publikumsyndling etter dei musikalske sceneshowa sine. **Det e hardt å være 2** følgde godt opp hennar tidlegare så populære Det e hardt å være mainn. Iren Reppen og Lars Jacob Holm / Niklas Gundersen spelte, dansa og song. Musikken var komponert av Svein Gundersen, regi var ved Hanne Tømta og Erik Ulfby, koreografi ved Niklas Gundersen. Tekster av Iren Reppen. Framsyninga vart sedd av 7. 768 på redusert turné, og var frå fyrst av tinga av Harstad Kulturhus med støtte av Fond for lyd og bilde, Fond for utøvende kunstnere, Tekstforfatterfondet, Norsk Kulturråd og Norsk Musikkfond – og Riksteatret.

Eventyra av brørne Grimm kan vere dystre. Riksteatret ville fortelje ein moderne **Hans og Grete**, og laga ei munter og frodig familieframsyning i Bo Anders Sundstedts tilrettelegging og regi, med musikk av Tov Ramstad. Lisbeth Narud laga scenografi og designa kostyme og dokker til det som blei ein morosam og visuell produksjon. Det var lagt til fleire personar i denne framsyninga enn det var i det opphavlege eventyret – som Paal Viken Bakke, Ketil Gudim, Janina Lund, Jørn Morstad og Kristin Oftedal gav liv til. Riksteatret tek imot mange takkebrev for familieframsyningane sine, som får fine omtaler og samlar fleire generasjonar teatergjengarar i kulturhusa.

Bedragaren **Tartuffe** finst på teaterscenane over heile verda. Jamvel om Molière skreiv stykket for eit kvart tusenår sidan, er det like aktuelt i dag – verda vil bedragast. Danske Kim Dambæk registrerte eit opplagt ensemble, og scenograf Bård Thorbjørnsen laga eit visuelt og tidlaust miljø. Håkon Ramstad var Tartuffe, Stein Grønli og Linda Tørklep hadde berande roller. Molière sin evigunge satire trekte 5.488 publikummarar til kulturhusa på ein full turné.

Et dukkehjem av Henrik Ibsen er kan hende meisteren sitt mest spelte stykke. Den Nationale Scene laga ein thriller om ekteparet Helmer i ei

overlag velregissert og ungdommeleg utgåve med Yngve Sundvor i registolen. Riksteatret var svært stolte av å få denne oppsetjinga ut på vegen, der ungdomsdelen blant publikum var på heile 55 prosent. Det ville Ibsen ha likt! Aviskritikkane og mottakinga var strålande, og 5.640 fekk oppleve denne – dessverre korte – turnéen. Nora blei spelt av Reny Marie G. Folgerø, Torvald av Gard Skagestad, Fru Linde av Ellen Birgitte Johannessen, Krogstad av Endre Hellestveit og Dr. Rank av Øyvind Gran.

Oslo Danse Ensemble er ein sikker publikumsvinnar for Riksteatret. Hausten 2004 feira teatret tiårsjubileet til ensemblet, og denne hendinga blei markert på dei faste dansestadene. 5. 041 publikummarar fekk oppleve 13 energiske dansarar. Koreografiar av Jo Strømgren, Alexander Magno, Jonas Digerud og Ferraz/Byer/Lingjærde. Tre av koreografiane var urpremierar, den siste henta frå dei tidlegare suksessane til ensemblet. Produsert av Oslo Danse Ensemble.

....it's only a rehearsal heitte den andre danse-turnéen denne hausten – som blei omtalt som "eit langt, estetisk kyss". Ina Christel Johannesen/zero visibility corp. har laga ei vakker danseoppleving for publikum, ei framsyning som har gått sin sigersgang over heile Europa. Og kritikarane i heile landet tok fram dei finaste superlativa sine. Riksteatret si satsing på moderne dans gir ei stendig veksande interesse for dansen i Distrikts-Noreg. 1.200 såg denne gjennomarbeidde framsyninga med Line Tørmoen og Dimitri Jourde.

Av og til ønskjer Riksteatret å promovere seg i Austlandsområdet for eit større publikum. Teatret var med under Barnas Kulturfestival på Kalvøya i Bærum med ein figurteaterstand og populære **Karius og Baktus**, som vart vitja av 12.000 barn og foreldre på tre framsyningar i sommarvarmen.

ORGANISASJON OG EFFEKTIVITET

ORGANISASJON Det var i lang tid eit uttrykt ønske frå mange tilsette om å ta personalpolitikken i teatret meir på alvor. I tillegg var avdelingsstrukturen diskutert. Da direktør Juel Rye våren 2004 valde å slutte etter fire år i teatret, blei det bestemt å omorganisere teatret i ein flatare struktur – og å tilsetje ein personalsjef. Stillingane som økonomi- og administrasjonssjef, kommunikasjonssjef og personalsjef blei utlyste, og blei fylte med to interne og ein ekstern søkjar. Den nye leiargruppa bestod etter omorganiseringa av teatersjefen, dramaturg Tine Thomassen, produksjonsteknisk sjef Stian Lindquist, plansjef Grethe Henden, økonomi- og administrasjonssjef Fredrik Johansson, kommunikasjonssjef Mette Hægeland Blom og personalsjef Arne Ueland.

PROSJEKTET "ET TYDELIG RIKSTEATER" heldt fram med møta sine og har gjennom året arbeid med kjerneverdiane i teatret, forretningsidé og visjon – mot ein revidert strategi. Styret for teatret har vore involvert gjennom informasjon på styremøta, og vil avslutte arbeidet i løpet av våren 2005.

LEIARUTVIKLING Riksteatret samarbeider på fjerde året med AFF (Administrativt Forskningsfond) om leiarutvikling på toppleiar- og mellomleiar nivå.

PERSONALE OG MILJØ Personalsjef Arne Ueland blei tilsett 1. oktober. Han har i fyrste rekkje teke tak i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, rekrutteringspolitikken og vidareutvikling av personalreglementet. Riksteatret har eit breitt samarbeid med bedriftshelsetenesta Hjelp 24 BHT (tidl. OMNIA), særleg omkring oppfølging av langtidssjukmelde. Teatret bestemte seg våren 2004 for også å inngå ein avtale (IA) med Arbeidslivssenteret. Vi innleier no eit prosjektsamarbeid med dei for å få ned sjukefråværet. Det er vidare sett i gang ei arbeidsmiljøundersøking på huset.

LIKESTILLING Riksteatret er medvite på å ha ein kjønnsmessig balanse i alle avdelingar. Leiargruppa består av fire kvinner og tre menn, og det blir lagd vekt på rekruttering av kvinner, særleg til mindre tradisjonelle kvinneyrke. I haust har vi mellom anna tilsett to kvinnelege teknikarar for å betre kjønnsbalansen i teknisk avdeling. Vi har også skipa ei mellombels spesialordning med redusert turnéplikt for kvinnelege teknikarar på turné, for at arbeidet skal bli meir attraktivt for dei.

| | Totalt | | Leiarstillingar | | Andre stillingar | |
|--|---------|------|-----------------|------|------------------|------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Kjønnsfordeling – alle tilsette (i pst) | 49 | 51 | 47 | 53 | 50 | 50 |
| Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i pst) | 49 | 51 | 47 | 53 | 50 | 50 |
| Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i pst) | 37 | 63 | 0 | 0 | 37 | 63 |
| Gjennomsnittslønn (i 1000 kr) | 277 | 274 | 388 | 379 | 268 | 262 |

ARRANGØRRAPPARATET Kvar haust arrangerer Riksteatret eit seminar for arrangørane sine. Teatret satsar på skoloring og motivering av arrangørapparatet sitt; og ikkje minst er den personlege kontakten viktig. Seminaret dette året gjekk føre seg på Jæren i oktober, og samla 80 kulturhusleiarar og arrangørar frå heile landet. Temaet var korleis få på saker i media – og var ei blanding av teori og praktiske oppgåver. I tillegg blei det avvikla møte, som tok opp dei praktiske sidene ved arrangør oppgåva, og der vi såg på dei lokale og regionale utfordringane for arrangørane. Dessutan blei repertoaret for våren presentert. Riksteatret får svært positive tilbakemeldingar på arrangørseminara, som også fungerer godt for kommunikasjon og erfaringsutveksling arrangørane imellom. Ordninga med å invitere nye arrangørar til todagarskurs på teatret held fram, dette motiverer arrangørane – og er ein god måte å informere om teatret sin funksjon og kommunikasjon på.

SKOLESERVICE I samband med utvalde framvisningar produserer teatret ved si skoleservice-ordning undervisningsmateriell som blir sendt til 600 skolekontaktar over heile landet. Dette har synt seg å vere ei vellykka satsing for å få ungdom til kulturhusa på kveldstid, og det blir meldt at ungdomspublikummet er aukande – også på det klassiske repertoaret.

RÅDGIVING I tillegg til kjerneverksemda har Riksteatret hjelpt til som rådgivarar på kulturhus rundt omkring i landet, ei verksemd teatret har halde oppe sidan starten tidleg på 50-tallet.

ØKONOMI Etter at det er teke omsyn til overskridingssamtykket på 4,0 mill. kroner til investeringar mot tilsvarande innsparing i dei tre neste

budsjetterminane, jf. vedlagd rekneskapsoppstilling, viser post 01 ei meirutgift på kr 3 231 799. Meirutgifta kjem av at 2,1 mill. kroner i billettinntekter knytt til turnéar som blei gjennomførde seint på året 2004, fyrst blir innbetalt i 2005. I tillegg var det ei meirutgift på 1,1 mill. kroner ved tre produksjonar som følgje av svikt i billettinntektene.

Svikten i billettinntektene ved dei tre nyss nemnde produksjonane var i utgangspunktet 2,2 mill. kroner. Dei sviktande inntektene kom så seint på året at det ikkje var mogleg for Riksteatret å tilpasse utgiftene fullt ut til den nye situasjonen. Gjennom å setje i verk kostnadssparande tiltak klarte teatret likevel å redusere utgiftene med 1,1 mill. kroner.

Oslo 28. januar 2004

RIKSTEATRETS STYRE:

Marit Reutz
(s.)

Steinar Ness
(s.)

Per Norstrøm
(s.)

Nina Chr. Badendyck
(s.)

Monique Skavlan Sunderland
(s.)

Petter Moen
(s.)

Christine Stoesen
(s.)

Rekneskap 2004

Driftsutgifter

| | |
|--------------------------------|-------------------|
| Stillingar | 42 841 834 |
| Ekstrahjelp | 626 970 |
| Bistillingar | 1 075 611 |
| Styre, råd, utval | 98 920 |
| Trygder, pensjonar | 6 244 564 |
| Sum lønn og godtgjersle | 50 887 898 |

| | |
|----------------------------------|-------------------|
| Maskiner, inventar og utstyr | 5 210 573 |
| Forbruksmateriell | 4 306 628 |
| Reiseutgifter | 18 621 608 |
| Kontortjenester | 6 575 596 |
| Konsulenttenester | 8 308 960 |
| Databehandlingstenester | 469 393 |
| Vedlikehald og drift av maskiner | 879 346 |
| Vedlikehald bygg og anlegg | 1 187 577 |
| Drift og lokalleige av bygningar | 12 059 753 |
| Sum varer og tenester | 57 619 434 |

| | |
|--|--------------------|
| Sum Driftsutgifter | 108 507 332 |
| Løyving | 89 032 000 |
| Dispensasjon til å overskride løyvinga | 4 000 000 |
| Sum løyving | 93 032 000 |

| | |
|-------------------|-------------------|
| Meirutgift | 15 475 332 |
|-------------------|-------------------|

Inntekter

| | |
|------------------------|------------|
| Eigne inntekter | 17 874 929 |
| Refusjon fødselspengar | 24 760 |
| Refusjon sjukepengar | 2 631 844 |

| | |
|----------------------|-------------------|
| Sum inntekter | 20 531 533 |
| Inntektskrav | 8 288 000 |

| | |
|--------------------|-------------------|
| Meirinntekt | 12 243 533 |
|--------------------|-------------------|

| | |
|--------------------|--------------------|
| Årsresultat | - 3 231 799 |
|--------------------|--------------------|

| | |
|----------------------------|----------------|
| Vedlikehald bygg og anlegg | 500 000 |
| Løyving | 500 000 |

AKTIVITET PER FYLKE 2004

| Fylke | Tal på framsyningar | Tal på publikum |
|---------------------|---------------------|-----------------|
| Finnmark | 22 | 3394 |
| Troms | 27 | 7153 |
| Nordland | 38 | 7742 |
| Nord-Trøndelag | 39 | 5565 |
| Sør-Trøndelag | 19 | 3082 |
| Møre og Romsdal | 36 | 6359 |
| Sogn og Fjordane | 25 | 4381 |
| Hordaland | 9 | 1625 |
| Rogaland | 37 | 8683 |
| Vest-Agder | 24 | 6108 |
| Aust-Agder | 19 | 3879 |
| Vestfold | 35 | 6869 |
| Telemark | 29 | 6446 |
| Buskerud | 31 | 6356 |
| Oppland | 35 | 7506 |
| Hedmark | 28 | 4455 |
| Akershus | 11 | 1672 |
| Østfold | 7 | 1534 |
| Visninger i Nydalen | 29 | 4350 |
| Gjestespel i Oslo | 144 | 37705 |
| Sum | 644 | 134864 |

Oversyn over tilsette 2004

Erichsen, Bente – teatersjef
Thomassen, Tine – dramaturg

SKODESPELARAR

Fast tilsette

Enge, Sigrun
Grønli, Stein
Karinen, Ingolf
Lindbæk, Peter
Odland, Anne Beate
Tørklep, Linda
Østbye, Marit

DOKKESPELARAR

Fast tilsette

Oftedal, Kristin Helene
Stoesen, Christine
Sundstedt, Bo Anders

PERIODEVIS TILSETTE SKODESPELARAR/ DOKKESPELARAR/DANSARAR

Aspås, Tine Erica
Amundsen, Kim
Bakke, Paal Viken
Bjørge Øyunn
Bozic, Katarina B.
Brekke Janny Hoff
Christiansen, Anders Baasmo
Clarín, Stefan
Edwardsen, Marianne
Espeland, Lisbeth Sandnes
Flatner, Knut Arild
Folgerø, Reny Marie
Færavaag, Silje
Garshol, Hedvig
Gran, Øyvind
Gudim, Ketil
Gundersen, Geir
Gundersen, Niklas
Hagen, Tor Ivar
Hartvig, Tina
Hellestveit, Endre
Holm, Lars Jacob
Holthe, Bjørn
Horn, Ellen
Hvidsten, Erik-André

Høvik, Trond
Johannessen, Ellen Birgitte
Johannessen, Marthe T.
Johannessen, Ola B.
Johansson, Jens
Jourde, Dimitri
Kiran, Stein
Langvik, Chris R.
Lund, Janina
Lund, Jan Ivar
Modigh, Sigge
Morstad, Jørn
Nedregaard, Karl-Erik
Norum, Cathrine Bang
Norum, Hallvard B.
Novsjø, Johan Christer
Nymoen, Silje H.
Ramstad, Håkon
Reppen, Iren
Rønningen, Hanna Børseth
Sandvik, Espen
Schelderup, Gerdi
Sipus, Sunniva Egge
Skagestad, Gard
Skjølsvik, Per
Staib, Christoffer
Teien, Inger
Tiller, Lise
Torvik, Lone
Tørmoen, Line
Tørring, Ståle
Vevik, Øydis
Våset, Charlotte Øverland
Wesnes, Jan Nicolai
Wevling, Jon Erling
Wiulsrød, Knut

MUSIKARAR

Fast tilsette

Hartvigsen, Kay W.
Wesseltoft, Erik

Periodevis tilsette musikarar

Berggrabb, Arnfinn
Eriksen, Dag
Flyen, Børre

Hillestad, Arild
Lødemel, Ket Iren
Michelsen, Morten
Olstad, Tom
Ose, Stig Ove
Revholt, Simon
Riisnæs, Knut
Rossing, Lasse
Silset, Gjermund
Thorbjørnsen, Einar
Øverleir, Børge Pettersen

KUNSTNARLEG PERSONALE

Periodevis tilsette

Alsaker, John-Kristian – scenograf
Aune, Marit Moum – instruktør
Bohlin, Maria – kostymedesigner
Baardson, Bentein – instruktør
Dahl, Einar – scenograf
Dambæk, Kim – instruktør
Dolan, Lindsay – koreograf
Kolloen, Ingar Sletten – dramatiker
Kvamme, Bodil – dramaturg
Lohne, Helge – scenograf
Molvær, Nils Petter – komponist/lyddesigner
Narud, Lisbeth – dokkedesigner/scenograf
Næss, Arne Lindtner – instruktør
Ramstad, Tov Inge – komponist/lyddesigner
Randin, Sverre – lysdesigner
Runningen, Mia – kostymedesigner
Schwab, Tine – scenograf/kostymedesigner
Simonsen, Are Bredal – lyddesigner
Skjærven, Torkel – lysdesigner
Sæter, Bjørn – instruktør
Thorbjørnsen, Bård – scenograf
Tønder, Ingrid Lovise – lysdesigner

KUNSTNARLEGE KONSULENTAR

Fast tilsette

Gundersen, Dag – språkkonsulent
Mæhle, Leif – språkkonsulent
Osjord, Elin T. – dansekonsulent
Revholt, Per Christian – musikalsk leiar/komponist
Rimestad, Ingunn – dansekonsulent

ADMINISTRASJON

Fast tilsette

Rye, Juel Helge – direktør (til 01.06)

Ueland, Arne – personalsjef (frå 01.10)
Johansson, Fredrik økonomi/adm.sjef (frå 01.06)
Bergerud, Ellen – teatersekretær
Hegland, Anne – sentralbordmedarbeidar
Holth, Marit – arkivar
Vestad, Liv – kantine (til 30.09)
Vollheim, Bjørn – datakonsulent

ØKONOMIAVDELING

Fast tilsette

Eriksen, Natalia – økonomikonsulent
Johannessen, Siri – økonomikonsulent

TEKNISK/DRIFTSAVDELING

Fast tilsette

Andersen, Jens-Henrik – teknisk sjef
Holstad, Kjell Arne – sjåfør
Knutsen, Johnny L. – driftsansvarleg

KOMMUNIKASJONSAVDELING

Fast tilsette

Blom, Mette Hægeland – kommunikasjonssjef (frå 01.06)
Berglund, Ann – marknadskonsulent
Eikene, Lasse – marknadskonsulent
Granlien, Kristin – assistent komm.avd.
Gundersen, Jørgen R. – marknadskonsulent
Juvet, Lise – grafisk designer
Kanck, Eirik – assistent komm.avd.
Kragner, Janecke – marknadssjef
Moene, Grete – marknadskonsulent
Sørensen, Nora – informasjonskonsulent (frå 18.10)
Vestli, Steinar – informasjonskonsulent

PLANADELING

Fast tilsette

Henden, Grethe – plansjef
Berg, May Liss Rossow – økonomikonsulent
Eriksen, Grete – sekretær
Korssjøen, Linn – plansekretær

Periodevis tilsette

Bergsland, Marte – plansekretær
Fjeldbo, Merete – plankonsulent

Inspisientar

Fast tilsette

Hjort-Jenssen, Dene
Huse, Jan
Lillo-Stenberg, Ole
Skiftun, Kristin

Periodevis tilsette

Berge, Katinka Rydin
Bredal, Elisabeth
Edwardsen, Henrik Melsom
Falkum, Kjetil
Grønli, Pål
Gustavsen, Pelle
Johannessen, Christina
Sandvik, Kjøstel

Sufflørar

Fast tilsette

Grønli, Jeanette

Periodevis tilsette

Cappelen, Katja
Gjerde, Ingunn Five
Martinsen, Hilde N.
Orten, Martha
Scharffenberg, Ingrid Elisabeth

Turnéavdeling

Fast tilsette

Gunnerud, Brit Lill - turnésjef
Drzwi, Ann-Christin – turnékonsulent
Røsand, Rebecca – turnékonsulent

Periodevis tilsette

Bergsten, Vegard – turnékonsulent
Øverland, Nils Endre – turnékonsulent

PRODUKSJONSTEKNISKE AVDELINGAR

Lindquist, Stian – produksjonsteknisk sjef

Kostymeavdeling

Fast tilsette/syarar

Engh, Solveig – leiar
Bruun, Elise Marie
Gudmestad, Cathrine
Hærnes, Kari E. – deltid
Huseby, Ingunn

Periodevis tilsette

Antonsen Line J.
Gøransson, Mette
Kjølstad, Marianne

Lydavdeling

Fast tilsette/lydteknikarar

Solhaug, Knut – leiar
Hempel, Harald
Janowski, Lech
Årdal, Lars

Periodevis tilsette

Jevanor, Øystein
Jørstad, Eirik
Karstensen, Jon – lydkonsulent
Linchausen, Torgrim

Lysavdeling

Fast tilsette/lysteknikarar

Solum, Espen – leiar
Audum, Anders (til 01.02)
Belgau, Kristjan (til 30.11)
Havn, Kai Roger
Hetland, Aslak
Støve, Tor

Periodevis tilsette

Berg, Leila Sunniva
Bråten, Ola
Dombek, Stefan
Eskildsen, Helge
Fuglseth, Hanne Marthe
Kjemperud, Jon
Larsen, Terje
Opstad, Lars
Sætre, Trond
Theodorsen, Ken Ruben
Vance, Sam

Rekv./Dokkeavd.

Fast tilsette

Christiansen, Dan – leiar
Hellum, Nina
Jacobsen, Morten
Johansen, Sverre
Sandbye, Sandra
Thon, Ole

Periodevis tilsette

Grønvold, Morten
Salomonsen, Nils
Troset, Stig Ove

Maskeavdeling

Fast tilsette/maskørar

Grønli, Line C. H. – leiar
Alm, Linda Solum
Grondona, May Britt

Periodevis tilsette

Bjørnå, Helge
Sneve, Trude
Thorsen, Stina
von Bergen, Helena

SCENEAVDELING

Fast tilsette/sceneteknikarar

Fjordheim, Espen - leiar
Backe, Knut
Farstad, Arne
Grønvold, John
Grønvold, Terje
Isola, Timo Tapani
Lie, Morten Ivar
Strøm, Per Erik (død 26.02)
Ylitalo, Erkki

Periodevis tilsette

Devig, Ole
Førde, Alf Otto
Gjermundstad, Jostein
Holsæter, Kåre
Myklebust, Arne
Vadset, Finn
Walstad, Ernesto P.

VERKSTADEN

Fast tilsette

Knudsen, Harald – leiar
Leikvoll, Hilde – snikkar
Moen, Petter – smed
Olsen, Ole-Jonny – målar

Periodevis tilsette

Rey, Michel

RIKSTEATRETS SAMARBEIDSPRODUKSJONAR 2004

LEVERANDØRAR AV KUNSTNARLEGE TENESTAR

Bredal, Kristin – lysdesigner (Den 25. timen)
Byer, David – koreograf (Oslo Danse Ensemble (ODE))
Digerud, Jonas – koreograf (ODE)
Gundersen, Svein – komponist (Det e hardt å være to)
Ferraz, Toni – koreograf (ODE)
Fjeldstad, Lise – instruktør (Den 25. timen)
Grimstad, Mona – kostymedesigner (ODE)
Haugen, Harald – lysdesigner (Samson og Roberto)
Hegrenes, Åse – scenograf/kostymedesigner (Den 25. timen)
Johannessen, Ina Christel – koreograf (It`s Only a Rehearsal)
Knudsen, Jørgen – lyddesigner (Den 25. timen)
Karlsen, Kyrre – lysdesigner (Det e hardt å være to)
Lindberg, Terje – dramaturg (Et dukkehjem)
Lingjærde, Merete – koreograf (ODE)
Mango, Alexandre – koreograf (ODE)
Noodt, Mette – maskør (Et dukkehjem)
Nøst, Arne – scenograf (Det e hardt å være to)
Sethzman, Jens – scenograf/lysdesigner (It`s Only a Rehearsal)
Simonsen, Are Bredal – lyddesigner (Det e hardt å være to)
Sjøblom, Cathe – produsent (It`s Only a Rehearsal)
Stabell, Thea – instruktør (Samson og Roberto)
Strømgren, Jo – koreograf (ODE)
Sundvor, Yngve – instruktør (Et dukkehjem)
Svendsen, Nina Lill – prøveleiar (ODE)
Tømta, Hanne – instruktør (Det e hardt å være to)
Ulfsby, Erik – instruktør (Det e hardt å være to)

STIPEND 2004

Reisestipend skodespelarar

Karinen, Ingolf

Sundstedt, Bo Anders

Tørklep, Linda

Ung skodespelar

Christiansen, Anders Baasmo

Riksteaterstipend

Enge, Sigrun

Grondona, May Britt

Gudmestad, Catrine

Østbye, Marit

Karl Eilert Wiiks stipend

Henden, Grethe